

Referat frå styremøte 05.10.21

Til stades: Åse-Berit Fidjeland, Tone Østtvit Kvinen og Eva Marianne Tennfjord
Forfall: Siri Fidjeland, Anette Grønning, Helga Hadland og Anita Haugen

Sak 28/21 c): Årsmøte Sirdal BK fortset

21. oktober kolliderer med eit arrangement i kyrkja, så Tone føreslår ny dato 28. oktober.

- 1. Godkjenning av innkalling og saksliste**
- 2. Val av møteleiar**
- 3. Val av referent**
- 4. Val av to medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen**
- 5. Handsaming og godkjenning av årsmelding**
- 6. Handsaming og godkjenning av rekneskap**
- 7. Vedta budsjett for 2022**
- 8. Forslag til aktivitetar i 2021/2022**
 - a) Kva aktivitetar ynskjer medlemmene
 - b) Korleis organisera Bli kjend i bygda-turane og kor skal dei gå
 - c) Kåring av "Kvardagshelten" med kriterium, t.d. alltid er der, latter, kunnskap, humor, omsorg, forståing, trøyst og bry seg om alle rundt seg.
- 9. Innkomne saker innan 21.10.21**
- 10. Val av nytt styre**

Saker til årsmøtet:

Tone ynskjer å diskutera "Bli kjend i Bygda"-turane som har vore eit populært tilbod og mange har deltatt, rundt 30 deltagarar kvar gong. Me har ikkje registrert nye påmeldingar, men har derimot fått tilbakemeldingar som at det ikkje er naudsynt å melda seg inn, så lenge turane er opne for alle. Nå har SBK arrangert turar tre (3) år på rad og bør ha ei evaluering av korleis det skal halda fram vidare. Det kan me ta på årsmøtet.

Velkomsthelsing til nye innbuarar har vore ein flott tradisjon og mange nye innflyttarar har sett stor pris på ei blomehelsing med velkommen til Sirdal. "Vi har som kjent hatt litt trøbbel den siste tiden med å være sikre på hvem som kommer ny til dalen, hvem som har fått en hilser og ikke. Dersom dette blir krevende å følge opp har jeg fått tips om en ny vri, nemlig kåring av årets "Hverdagshelt". Det er mange usynlige hverdagshelter i Sirdal, som fortjener å bli løftet fram og få en påskjønnelse. Denne utmerkelsen bør skje på årsmøte og kanskje kan vi starte allerede i år?"

Tone hadde ikkje fått referatet frå sist då ho sette dette opp på sakslista, og det er eigentleg to ulike saker ho tek opp. Sidan Helga melde forfall, diskuterer ein velkomsthelsinga på neste møte, men ein kan godt diskutera om ein vil oppretta ein kvardagshelt-pris. Det har allereie kome opp nokre namn, men på møtet er ein samde om at det bør vera ein enkelperson, ev. ektepar, og ikkje organisasjon, samt nokre kriterium, som over i pkt. 8c.

Det vert enkel servering.

Sak 32/21: a) Frå årsplanen framover

18. oktober: TV-aksjonen Plan Internasjonal Norge om det trengs

27. oktober: **Refleksjakt** trudde me Solveig Marie hadde ansvar for, men Tone har kalla inn til møte om positiv bygdeutvikling då, så ho avlyser

28. oktober: **Årsmøte** - sjå eiga sak over

5.-7. nov.: **NBK sitt inspirasjonsseminar på Lillehammer**
Tone og May Britt har meldt seg på. Dei betalar reisa sjølv og får dekka seminaret av SBK

19.-20. nov.: **Lokallagssamling RBK i Haugesund**

Det blir òg markering av at fylkeslaget er 75 år. Alle kan melda seg på. Påmeldingsfrist 11. oktober. Åse-Berit har sagt ja til å ha kurs i heimesidebruk saman med Heidi Netland Berge.

24. nov.: **Laga dørkransar**

Medlemsmøtet har Tone ansvar for, og ho har snakka med Eli Haugen i gymsalen på Sinnes skule. SBK kjøper inn halmkransar og grå ståltråd i to variantar, og så tar deltakarane med det dei sjølv vil pynta med og ev. grønt. Dei får liste frå Eli med utstyr dei treng. Maks ti (10) personar. Påmelding til Tone på SMS innan 17.11.21.

b) Gjennomført frå årsplanen

28. september reiste ni (9) damer til *Ystepikene på Varhaug*, der sju var medlem. Dei fekk høyra om oppstarten av ysteriet og jobben med å utvikla produkta av Siri Rasmussen Lea. Det er ho og døttrene som er ystepikene, men mannen leverer mjølk og det er fleire "piker" med. Etterpå gjekk handelen ivrig i butikken, der ein får kjøpt mange ulike ostar frå Ystepikene, samt olje, honning, poteter, syltetøy og keramikk, alt produsert lokalt på Jæren. Det var ein triveleg tur i nydeleg ver.

Turen vart avslutta på *Mor sin* på Ålgård, der det blei litt ekstra arbeid på Anita, som fekk alt på ein faktura, og måtte finna ut kven som skulle betala kva...

Sak 33/21: **Anna**

- a) **Spørsmål frå Anita** om me vil vera med på kurs i hjarte- og lungeredning saman med Bondelaget. Det vil me ikkje, og er det ønskeleg, kan me ev. spørja Gunhild Kvinen.
- b) **Høyringar frå NBK om Norges bygdekvinnelags politiske plattform og tidspunkt for årsmøte i lokallaget** blir utsett til neste møte og nytt styre
- c) **Kort om positiv bygdeutvikling og miljømøte** med idemyldring om korleis få til ei haldningsendring i forhold til forsøpling i Sirdal